



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
26.04.2017
Dykkar dato
25.01.2017

Vår referanse
2016/9468 561
Dykkar referanse
11/6943

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn og fråråding i småkraftpakke Odda - Nedre Seljestad, Øvre Seljestad og Tokheimselva kraftverk

Fylkesmannen fremjar motsegn til Øvre Seljestad kraftverk og Nedre Seljestad kraftverk ut frå konflikt med vassdragsvern og rår frå utbygging av Tokheimselva kraftverk ut frå landskap, friluftsliv og opplevingsverdi.

Fylkesmannen viser til småkraftpakke Odda, som no er redusert til tre utbyggingsprosjekt. Det er Småkraft AS som står bak dei attverande søknadane, Øvre Seljestad kraftverk, Nedre Seljestad kraftverk og Tokheimselva kraftverk.

Nedanfor følgjer kort omtale av dei tre søknadane.

Øvre Seljestadelva kraftverk

Ein vil nytte fallet mellom kote 465 og 390 i Seljestadelva. Frå inntaket skal vassvegen gå på austsida av elva og gravast/sprengjast ned 570 meter fram til kraftstasjonen. Det er planlagt minstevassføring på 1035 l/s og om sommaren og 478 l/s om vinteren. Det må byggjast 50 meter ny veg fram til kraftstasjonen.

Kraftverket vil ha installert effekt på 0,99 MW og gi ei årleg produksjon på 6,1 GWh.

Søklar sin vurdering av verknader på naturverdiar

Landskapet i influensområdet er prega av bratte dalsider, djupe elvejuv og fossar. Tiltaksområdet ligg i ei markert bekkekløft, som er vanskeleg tilgjengeleg for synfaring. Søklar viser til at vassføringa vil bli forholdsvis lite redusert, og fuktigheita i kløfta ikkje vert venta å endre seg mykje. Det er ikkje gjort funn av raudlista arter eller naturtypar.

Når det gjeld tilhøvet til verna vassdrag meiner søklar at utbygginga ikkje vil endre på hovudtrekka i landskapet. Dei viser til eksisterande inngrep i områda, som vegar og bygg, og hevder ut frå dette at inngrepa i vassdraget vil framstå som små, lokale inngrep. Dei meiner utbygginga ikkje er i strid med retningslinene for forvaltning av vassdraget, og vurderer konsekvensane av tiltaket, både for landskap og for status på det verna vassdrag som *lite negativt*.

Tiltaket ligg nær fleire hyttefelt. Søkjar meiner at friluftinteressene ikkje vert berørt av utbygginga, då berørt elvestrekkje ikkje er synleg frå hytteområda og utfartsområda. Også her meiner søkjar at konsekvensane er *liten negativ*.

Nedre Seljestadelva kraftverk

Kraftverket ligg rett nedanfor Øvre Seljestad kraftverk, og vil nytte fallet i elva mellom kote 365 og kote 270. Vassvegen vil krysse elva med røyrbu etter inntaket og gå vidare på vestsida av elva. Den vil vere 290 meter lang og må gravast ned. Det må byggjast veg om lag 150 meter langs elvekanten opp til kraftstasjonen frå nedsida. Det er planlagt minstevassføring på 1049 l/s om sommaren og 484 l/s om vinteren.

Kraftverket vil ha installert effekt på 0,99 MW og gi ei årleg produksjon på 6,1 GWh.

Søkjar sin vurdering av verknader på naturverdiar

I området som er søkt utbygd finn vi naturtypene bekkekløft og fossesprøytsone. Det går til dels loddrette bergvegger rett ned i elva. Det er ikkje gjort funn av raudlista arter eller naturtypar i området.

Når det gjeld tilhøvet til vassdragsvernet og kommuneplanen, så viser søkjer til at utbygginga ikkje vil endre på hovudtrekka i landskapet i området. Dei viser til at områda med fysiske inngrep vil gro att. Liten slukeevne og slepp av minstevassføring gjer etter deira oppfatning at endringar i vassføringa vert liten. Under omtale av landskapet viser ein til eksisterande inngrep i området, som veg og plantefelt. Konsekvensar for både landskapet og vassdragvernet er sett til *liten negativ*.

Søkjar viser til at utbygginga i liten grad vil berøre friluftslivet i området. Konsekvensane er sett til *liten negativ*.

Som det framgår av gjennomgangen over er søkjar sine konsekvensvurderingar om lag like for dei to prosjekta i Seljedalen.

Søkjar sin vurdering av samla belastning

Opovassdraget er blant dei få vassdraga i Odda som ikkje er påverka av tidlegare kraftutbygging. Søkjar omtaler dette, men konkluderer følgjande om samla belastning på vassdragsnaturen for begge prosjekta:

En utbygging av Seljestadåna vil føre til at det vil være få gjenværende vassdrag i området som er upåvirkede av vannkraftutbygging. Dette kan oppleves som negativt ut fra en natur og landskapsvernsynspunkt. Den samlede belastningen for et større influensområde vurderes likevel ikke å være av en slik karakter at områdene taper verdier i forhold til landskapsopplevelse, friluftsliv eller biologisk mangfold.

Tokheimselva kraftverk

Ein vil nytte vatnet i Tokheimselva frå kote 540 til kote 5. Blåvatnet, som er regulert til vassforsyning til Boliden Odda AS, inngår i nedbørsfeltet, men det vil etter det Fylkesmannen forstår ikkje bli endringar i reguleringane her. I tillegg til det regulerte delen av nedbørsfeltet er det eit uregulert restfelt.

Ved inntakspunktet har elva fleire løp. Det skal byggjast og sprengjast ein renne/terskel som blir om lag 50 meter brei med ein betongterskel på nordsida av elveløpa for å fange dei opp. Sjølve inntaket er plassert på sida av sjølve bassenget, og inneheld grinder, luke, med meir.

Vassvegen på 1600 meter skal gravast ned. Den vil gå på nordsida av elva fram til kote 40, der den kryssar over til sørsida. Ein vil nytte eksisterande skogsbilveg som er planlagt rusta opp omlag 300 meter. I øvre del av traseen opp til inntaket må ein nytte taubane under bygging.

Det er planlagt to separate kraftstasjonar. Øvre kraftstasjon, K1, vert plassert på Tokheimsdammen, kote 135, og skal ha installert effekt på 4,07 MW. Nedre kraftstasjon, K2, ligg på kote 5 eller alternativt på kote 40, og skal ha installert effekt på 5 MW. Grunngrjeving for fleire stasjonar er for å sikre Boliden AS første prioritet på vatn til si forsyning. Det må byggjast ny veg 60 meter til alternativ kraftstasjon på kote 40, og ein må oppgradere eksisterande traktorveg om lag 200 meter fram til stasjon K1.

Utbygging vil føre til redusert vassføring ei strekkje på om lag 2350 meter langs elva. Det er planlagt minstevassføring på 50 l/s vår og forsommar, 275 l/s om sommaren, og 15 l/s om vinteren. Kraftverk vil produsere om lag 25,6 GWh i eit middels år.

Tokheimselva ligg i eit område med høg fare for steinsprang, snøskred og flaum. I dag påverkar snøskred vasstilførselen til Boliden. Om vinteren må ein ofte nytte vatnet frå Blåvatn for å bryte seg gjennom snømassane og reetablere vasstilførselen. Søknaden skildrar tiltak mot skred, både i utbyggings- og driftsfase. Etter tidlegare flaumar i området er det bygd fleire skredvollar, og nedre del av elveløpet er steinsett og sikra mot nye flaumar. Utbygginga vil i følgje søkjar sikre ferskvassforsyninga til Boliden på betre måte enn etter dagens drift.

Søkjar sin vurdering av verknader må naturverdiar

Søkjar viser til *liten negativ verknad* for raudlista arter og akvatisk miljø.

Utbygginga vil ha *middels negativt* verknad for terrestrisk miljø som karplanter, mosar og lav. I fagrapporten vert det vist til variasjon i substrat, vegetasjonstypar og naturtypar i tiltaksområdet. Utbygginga vil verke inn på naturtypen elveløp fossesprøytsone. Det er foreslått avbøtande tiltak ved minstevassføring for å sikre omsyn til naturtypen.

Utbygging vil ifølgje søkjar gi *middels negativt* verknad på landskap og friluftsliv. Det vil påverke opplevingsverdien for friluftsliv og turistar, ikkje minst i anleggsperioden, men og i driftsfasen. Turistvegen frå Egne Hjem over Folgefonna til Sunndal er ein historisk rute som har stor verdi i friluftsliv- og reiselivssamanheng. Søkjar foreslår ulike tiltak som kan bidra til å vege opp mot negativ verknad av kraftutbygging. Dette omfattar informasjon om historia i området, inkludert skred og ras, bygging av ny bru over Støleelva og andre tiltak som kan vere positivt for besøkjande til området.

Fylkesmannen sine merknader

Samla belastning, landskap, vassdragsvern og gjeldande nasjonale og lokale føringar

Klima og miljødepartementet har nyleg klargjort retningsliner miljøvernforvaltninga sin bruk av motsegn i energisaker¹. Innslagspunkta for motsegn etter plan- og bygningslova slik det framgår av rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet skal gjelde for energisaker så langt dei er relevante. Miljøverdiar av nasjonal og vesentleg regional verdi skal vege tungt, liksom omsyn til samla belastning. Departementet uttaler i tillegg at omsyn til *fjordlandskap av stor verdi* er relevant for vurdering av motsegn i energisaker.

¹ [Retningslinjer for innsigelsespraksis i enerisaker](#)

Landskapet i Odda er sterkt prega av skredvollar, vassdragsførebygningar og ulike tiltak for å sikre busetnad, industri og vegar mot ras, skred og flaum. Samstundes har kraftutbygging i kommunen vore omfattande, og det er i dag få urørte vassdrag att i regionen. Utviklinga har gått over fleire tiår, frå dei store utbyggingane inn mot Hardangervidda til omfattande småkraftutbygging frå Røldal og ut Sørfjorden. Etter storflaumen i 2014 er det gjennomført omfattande flaumdempande tiltak i Opo. NVE arbeider med oppfølging av moglegheitsstudien for nye flaumdempande tiltak, og SKL har lagt fram planar for flaumdemping og utbygging i vassdraget.

Vi viser til naturmangfaldlova § 10. Opplysningar i søknadsdokumenta gir ikkje tilstrekkeleg oversyn over faktorar og inngrep som er relevant for vurdering av samla belastning på landskap og vassdragsnatur i Odda.

Gjennom kartlegging av landskap i Hordaland er Sørfjorden og Oddadalen verdsett som område med stor verdi^(2 3). Landskapet i utbyggingsområda er mellom det ypparste og mest eineståande i regionen. Fjell og bratte fjordsider som omkransar fjorden er saman med vassdragsnaturen med fossar, juv og elvegjel viktige grunnlag for denne verdsettinga.

Den inntrykksterke og dramatiske naturen er og grunnlaget for at Opo vart verna mot kraftutbygging i 1973, jf. verneplan I. Vassdraget er ein viktig del av eit attraktivt og kontrastrikt landskap der elver, kraftige fossar og stryk utgjer særleg viktige element. Grunngevinga for vernet er vidare å sikre eit vassdrag med urørt preg, saman med omsyn til eit stort naturmangfald, friluftsliv og nærleiken til fjellområda i nasjonalparken på Hardangervidda.

Øvre Seljestad og Nedre Seljestad kraftverk

De to prosjekta i Seljestad ligg begge i hovudvassdraget til Opo. Desse søknadene må vurderast konkret opp mot vilkåra som Stortinget har sett for eventuell utbygging i verna vassdrag, dvs. at installert effekt skal vere under 1 MW og at utbygginga ikkje er i strid med verneverdiane i vassdraget.

Fylkesmannen kjenner ikkje til nokre saker der det er gitt konsesjon til kraftutbygging i hovudelva i eit verna vassdrag. Det er vanskeleg å sjå for seg at ei slik utbygging kan gjennomførast utan at grunnleggjande vernekriterie vert råka. NVE⁴ har og i tidlegare saker uttrykt ei prinsipiell haldning i dette spørsmålet, jf. vedtak knytt til Tesgjolo kraftverk i Voss kommune:

På grunn av formålet med vernet er NVE enig med Fylkesmannen i at det vil vere i strid med vernet å tillate bygging av vannkraftverk i hovedstrengen av Bordalselva. Når det gjelder sideelvene mener vi derimot at det ikke skal praktiseres en slik prinsipiell holdning, men at det må gjøres en vurdering ut fra reell påvirkning på verneverdiene.


Fylkesmannen viser vidare til kommuneplanen for Odda, der dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag er innarbeidd. Seljestadelva ligg i klasse 2, jf. plankartet, og følgjande føresegn gjeld:

² [Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke](#). Aurland naturverkstad 2011.

³ Elgersma 2000: Skildringar av landskapsunderregionar i Hardanger og Delar av Sunnhordland. NIJO-rapport 8/2000.

⁴ KSK-notat nr 83/2014 - Bakgrunn for vedtak.

Klasse 2: Det er ikkje lov å utføre inngrep som endrar tilhøve i kantvegetasjonen langs vassstrengen og i dei områda som blir oppfatta som ein del av vassstrengen. Det er heller ikkje lov å utføre inngrep som medfører endring i sjølve vassstrengen.



Utsnitt frå kommuneplan for Odda 2007 - 2019

Gjeldande nasjonale og kommunale planar og retningslinjer skal vere førande for statleg og lokal politikk. Søkjar sin konsekvensvurdering tek ikkje inn over seg innhaldet i desse føringane. Fylkesmannen kan ikkje sjå at inngrepa knytt til utbyggingsprosjekta for Øvre Seljestad og Nedre Seljestad kan gjennomførast utan å kome i vesentleg konflikt med vassdragsvernet, særleg knytt til urørt natur, vassdraget, elvegjel og opplevingsverdi. Dette gjeld både ut frå ei konkret vurdering av planlagde inngrep og ut frå ei prinsipiell tilnærming til forvaltning av verna natur.

Etter Fylkesmannen si oppfatning må søknadane i Seljestadelva få avslag, då dei er i strid med vassdragsvernet.

Tokheimselva kraftverk

Tokheimselva er synleg frå Sørfjorden, frå turiststaden Tyssedal og frå Nasjonal turistveg Kinsarvik - Låtefoss. Det er skog i store deler av dalsida opp til inntaket, men utbygging vil føre til at mykje av skogen i området blir hogd, og dei tekniske inngrepa vil bli synlege frå store deler av fjorden.

Utbygginga vil gi synlege landskapsinngrep i eitt av våre høgast vurderte landskapsrom. Tokheimselva ligg nær opp mot Folgefonna nasjonalpark og Buerdalen landskapsvernområde. I samband med vedtak om oppretting av nasjonalparken og landskapsvernområde i 2005 av slo regjeringa søknad frå AS Tyssefaldene om utbygging av Eitrheims- og Tokheimsvassdraga. Regjeringa la den gang avgjerande vekt på verdien av å sikre naturverdiane opp mot Folgefonna. Også i dag er det viktig å ha fokus på å skjerme randsonene kring våre nasjonalparkar slik at ikkje uønskt eller skjemma utbyggingar pregar innfallsportane til desse naturskattane.

Turstien frå Egne Hjem opp til Støladalen, Holmaskjer og Folgefonna har lange historiske røter som turistrute, og vert også i dag mykje nytta av fotturistar og andre besøkjande. Utbygginga vil vere synleg frå turstien og verke inn på opplevingsverdien.

I åra kring 1900 var Oddadalen, Odda og indre del av Sørfjorden ein av landets viktigaste turiststader. Seinare vart Odda, Tokheim og Tyssedal viktige området for industriell verksemd, noko som i dag utgjer ein vesentleg del av Odda sin historie og identitet.

Ny utvikling gjer at Odda i dag er i ferd med å attrahere seg som turistmål, der natur- og kulturverdiar saman med historia er viktige grunnlag. Den enorme interessa for å nå Trolltunga viser kva potensiale som ligg i turistmål som får internasjonal merksemd. Turistdestinasjonar som Odda har difor ei viktig oppgåve framover å ta vare på dei urørte naturkvalitetane som er att, og forvalte desse på måte som sikrar naturgrunnlaget på ein berekraftig måte. Utfordringane i dag er i knytt til å fjerne og restaurere tidlegare arealinngrep som framstår som skjemmaende på natur og naturoppleving. Å opne for ny kraftutbygging i dette landskapet vil bidra til å forringe landskapet og slik verke mot dei interessene som arbeider for å ta vare på naturområda.

I [Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland](#) er fjordlandskapet i Sørfjorden klassifisert med nasjonale og internasjonale landskapskvalitetar (klasse A). Vi viser og til retningsliner i fylkesdelplan og til planen sin dokumentasjon av verdiar knytt til friluftsliv, reiseliv, landskap og fjellområde i Odda.

Søkjjar undervurderer konfliktane knytt til friluftsliv, reiseliv og opplevingsverdi. Forslag til avbøtande tiltak vil ikkje kunne bøte for dei negative verknadane ved å opne for nye inngrep i Tokheimselva.

Konklusjon

Alle dei tre prosjekt ligg i landskapsrom klassifisert med stor verdi i fylket. Kraftutbygging i Opovassdraget vil føre til inngrep i vassdraget i strid med intensjonen i vassdragsvernet. Utbygging vil vere i strid med gjeldande plandokument og retningsliner som er førande for statleg og kommunal forvaltning.

Utbygging i Tokheimselva vil gi negative verknader for landskap, friluftsliv, turisme og opplevingsverdi.

Samla belastning på landskap og vassdragsnatur er overskride gjennom tidlegare utbyggingar og inngrep. Det er viktig for regionen å hegne om attverande urørt vassdrags- og fjordnatur.

Fylkesmannen fremjar motsegn til dei Øvre Seljestad kraftverk og Nedre Seljestad kraftverk og rår frå utbygging av Tokheimselva kraftverk.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Odda kommune

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Hordaland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Opheimsgata 31

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

Postboks 5672 Sluppen

5750

5017

5020

7485

Odda

BERGEN

Bergen

TRONDHEIM